



Temakvelden tysdag 10. november går ut. Ny melding kjem når kyrkja opnar att for gudstenester og konsertar.

**Oppblomstringa av Covid-19 i kommunen vår, kombinert med den generelle oppfordringa nasjonalt om å ha minst mogleg sosial kontakt med andre, så vert alle gudstenester i kommunen avlyst, i alle fall denne helga. Dette gjeld Hatlestrand kyrkje, Holmedal kyrkje, Fjelberg kyrkje og Ænes kyrkje. Avlysinga gjeld også konserten med Solveig Andsnes i Eid kyrkje laurdag kveld og Temakvelden i Uskedal kyrkje komande tysdag.**

Gravferd, dåp og vigsel vil framleis verta gjennomført, men med dei plassrestriksjonar som til ei kvar tid er gjeldande i kyrkjene våre. Trusopplæringstiltaka for 4- og 5-åringar, som er planlagt mandag og tysdag, vil gå etter oppsett plan med godt gjennomtenkte smitteverntiltak. Ungdomstilbod som Ungdomsklubben i Rosendal, Ope Hus på Valen og Nattcafeen på Husnes tek pause inntil vidare.

Dette er ikkje noko kjekk situasjon for nokon. Me tenkjer på, og ber for, alle dei som har fått dette ekstra tett på livet i desse dagar. Og så håpar me at den gode, normale kvardagen snart kan koma på plass igjen.

Tekst: Jan-Ove Fagerheim- Fung. kyrkjevevje

Foto: Einar Gjertsen

Nett: Kristian Bringedal